



Fylkesmannen i  
Hordaland

Opplæring innanfor kriminalomsorga 2008



Fylkesmannen i Hordaland

Kopiering er ikkje tillate utan etter avtale med den som har opphavsretten

**ISSN:1501-7056**

Trykk: Kalleklev Trykkeri AS, Bergen

## Føreord

Fylkesmannen i Hordaland utarbeider kvart år ein samla nasjonal rapport om opplæringa innanfor kriminalomsorga. Rapporten for 2008 inneheld oppsummering av tilbakemeldingane frå skulane om dei ulike sidene ved opplæringa som opplæringstilbod, elevtal, forvaltningssamarbeid og oppfølging av Stortingsmelding nr. 27 (2004-2005). Rapporten inneheld og ei oversikt over delar av aktiviteten på dette området hos Fylkesmannen i Hordaland. Rapporten byggjer på eit rapporteringsskjema som er utfylt av skulane og sendt til opplæringsavdelinga ved fylkeskommunen. Rapporteringa er ein lekk i ei systematisk resultatoppfølging av dette området innanfor utdanningssektoren.

Det er no etablert opplæring ved 51 anstaltar. Det er opplæring ved alle anstaltar som skal ha skule og det er til saman nesten 1400 elevplassar innanfor kriminalomsorga.

Det har dei siste åra vore fokusert på å betra tilbodet om yrkesopplæring innanfor kriminalomsorga. Vi ser at det innanfor vidaregåande skule også i 2008 er ei dreining frå teori mot meir yrkesretta opplæring. Eit viktig tilskot til denne endringa er realkompetanseprosjektet som er eit prosjekt som Vox leiar på oppdrag frå Fylkesmannen i Hordaland. Prosjektet skal medverke til å auka bruken av realkompetansevurderingar innan opplæring i kriminalomsorga og til eit meir heilskapleg og tilrettelagt opplæringsløp.

Rapporten viser at det framleis er slik at mange skular ikkje har gode nok undervisningslokale og at det er grunn til å bekymra seg over ressursutnyttinga i opplæringa når kriminalomsorga ikkje stiller eigna lokale til disposisjon.

Det har i lang tid blitt arbeidd for at også innsette skulle sikrast retten til digital kompetanse på lik line med andre elevar. I 2008 tok ein eit langt steg vidare på denne vegen ved at kriminalomsorga i samarbeid med skulestyresmaktene fekk utarbeidd ei teknisk løysing som gir elevane ein kontrollert tilgang til internett - IFI - (internett for innsette) og at det vart vedteke ein utrullingsplan som sikrar at alle skulane/fengsla får ta i bruk denne løysinga i 2009 og 2010.

Fylkesmannen i Hordaland har i 2008 administrert eit prosjekt i regi av nordisk nettverk for fengselsundervisning. Prosjektet, som var ei kartlegging av utdanningsbakgrunn, rett til opplæring, lærevanskar og motivasjon for utdanning hos innsette i nordiske fengsel, var finansiert av Nordisk Ministerråd. Kartlegginga viser mellom anna mangelfull utdanning blant innsette generelt og spesielt blant dei yngste innsette. Kartlegginga viser og at utdanningstilbodet innan kriminalomsorga er for lite tilpassa dei som sonar og at det er behov for fleire yrkesretta tilbod.

Fylkesmannen i Hordaland vonar denne rapporten vil verka som eit viktig innspel i drøftingane omkring opplæring innanfor kriminalomsorga. Arbeidet med rapporten er gjort av rådgjevar Sissel Mehammer og seniorrådgjevar Torfinn Langelid, Fylkesmannen i Hordaland. Adjunkt Olav Gjelsvik, Åsane vgs, har stått for datahandsaminga av materialet.

Bergen, august 2009

Kjellbjørg Lunde  
Utdanningsdirektør

<b>INNHALD</b>	<b>SIDE</b>
<b>1. Innleiing</b>	<b>7</b>
<b>2. Tilrettelegging og gjennomføring av rapporteringa</b>	<b>7</b>
2.1 Rapportering	7
2.2 Gjennomføring.	8
<b>3. Rapporteringa</b>	<b>8</b>
3.1 Resultatmål for 2008	8
3.2 Generell vurdering av verksemda	11
3.2.1 Innsette og elevar	11
3.2.2 Opplæringstilbod og resultat	13
3.2.3 Forvaltningssamarbeid	17
3.2.4 Elevdemokrati	18
3.2.5 Prosjekt og utviklingsarbeid	18
3.2.6 Evaluering av eiga verksemd	19
3.3 Oppfølging av Stortingsmelding nr. 27 (2004-2005) Om Opplæring innenfor kriminalomsorgen, ”Enda en vår”	19
3.3.1 Yrkesfagleg opplæring	19
3.3.2 Spesialpedagogisk kompetanse	19
3.3.3 Informasjon om skulen	20
3.3.4 Kompetanseheving	20
3.3.5 Opplæring gjennom heile året	20
3.4 Undervisningslokala	21
3.4.1 Skulane si vurdering av lokala som vert nytta til undervisning	22
<b>4. Rapport om arbeidet ved Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga</b>	<b>25</b>
4.1 Innleiing	25
4.2 Tilsyn og kontroll	25
4.3 Fagleg/pedagogisk oppfølging. Forsøks- og utviklingsarbeid	25
4.4 Kartleggingsarbeid	28
4.5 Internasjonalt arbeid	28
<b>OVERSYN OVER TABELLAR; FIGURAR OG VEDLEGG</b>	
<b>Tabellar:</b>	
Tabell 1: Elevane i anstalt fordelte på dom og varetekt	13
Tabell 2 : Oversyn over opplæringa	31
Tabell 3: Elevplassar samla 1996 – 2008	33
Tabell 4: Kapasitetsutnytting 1996 – 2008	33
Tabell 5: Elevane i anstalt fordelte på alder	33
Tabell 6: Elevane i oppfølgingsklassene fordele på alder	33
Tabell 7: Det totale talet på elevar som fekk opplæring 1999 – 2008 fordelte på skuleslag	34
Tabell 8: Innsette – frigang til skule og arbeid i tidsrommet 2001 – 2008	34
Tabell 9: Oversyn over elevplassar i opne og lukka anstaltar – fordelte på skuleslag	34
Tabell 10: Elevar i oppfølgingsklassene fordelte på ulike kategoriar	34
Tabell 11: Elevane i oppfølgingsklassene rekrutterte frå ulike instansar	35

Tabell 12:	Fordeling av elevar på studieretningar i vidaregåande skule	35
Tabell 13:	Oversyn over inngåtte lærekontrakter/fagbrev og teoriunderv. §3-5	35
Tabell 14:	Tal elevar som har tatt eksamen/delkompetanse/ikkje-kompetanse-gjevande kurs	36
Tabell 15:	Tal på beståtte eksamenar – grunnskule/vidaregåande skule	36
Tabell 16:	Avbrot der undervisninga stoppa opp	36
Tabell 17:	Lærarar tilsette i fengselsundervisninga i tidsrommet 2002 – 2008	36
<b>Figurar:</b>		
Figur 1:	Elevplassar i anstalt 1996-2008	11
Figur 2:	Aldersfordeling blant elevane 2001 – 2008	12
Figur 3:	Fordeling av elevplassar totalt 2008	13
Figur 4:	Fordeling av elevplassar i anstalt 2008	14
Figur 5:	Fordeling av elevplassar i oppfølgingsklasse 2008	14
Figur 6:	Elevplassar i vidaregåande skule 2008	15
Figur 7:	Elevplassar i vidaregåande skule 2007	15
Figur 8:	Lærekontraktar, fagprøvar, utplassering i bedrift med meir	16
Figur 9:	Eksamenar 2004 – 2008	16
Figur 10:	Samarbeid med programverksemd, arbeidsdrift og NAV	18
Figur 11:	Elevplassar i oppfølgingsklassene 1996 – 2008	37
Figur 12:	Elevplassar i oppfølgingsklassene 2008	37
Figur 13:	Kapasitetsutnytting 1996 – 2008	38
Figur 14:	Kapasitetsutnytting i anstalt 1996 – 2008	38
Figur 15:	Kapasitetsutnytting i oppfølgingsklassene 1996 – 2008	39
Figur 16:	Elevplassar i vidaregåande skule i anstalt, fordelte på studieretningar 2008	39
<b>Vedlegg:</b>		
Vedlegg 1:	Oversyn over elevplassane	40
Vedlegg 2:	Oversyn over faktisk elevtal – kapasitetsutnytting	43
Vedlegg 3:	Utanlandske innsette/elevar; snitt av februar/oktober	46
Vedlegg 4:	Aldersfordeling – innsette/elevar	48
Vedlegg 5:	Registrerte elevar – gjennomtrekk	50
Vedlegg 6:	Fordeling av innsette/elevar – dom/varetekt	52
Vedlegg 7:	Registrerte elevar i 2008 – fordelte på anstaltar/oppfølgingsklasser	54
Vedlegg 8:	Kjønn – innsette/elevar	56
Vedlegg 9:	Frigang til skule og arbeid	58
Vedlegg 10:	Elevane i oppfølgingsklassene fordelte på kategoriar	60
Vedlegg 11:	Grunnskulen – elevplassar/tildelte lærarårstimar	62
Vedlegg 12:	Elevar i oppfølgingsklassene rekrutterte frå ulike instansar	64
Vedlegg 13:	Vidaregåande skule – elevplassar/tildelte lærarårstimar	66
Vedlegg 14:	Andre kurs – elevplassar/tildelte lærarårstimar	70
Vedlegg 15:	Opplæring i bedrift – lærlingar	74
Vedlegg 16:	Eksamen, delkompetanse, ikkje-kompetansegejevande kurs, høgskule, brevkurs	77
Vedlegg 17:	Avbrot der undervisninga stoppar opp	80
Vedlegg 18:	Avbrot der undervisninga held fram	83
Vedlegg 19:	Lærarar i heil- og deltidstilling	85

Vedlegg 20:	Ressursar til administrasjon og kontorphersonale	87
Vedlegg 21:	Faktisk elevtal og kapasitetsutnyttning i 2001/2003/2005	89
Vedlegg 22:	Rapporteringsskjema 2008	90

## 1. INNLEIING

Målsetjinga med rapporten er at han skal vera eit faktabasert utgangspunkt for drøfting av verksemda med sikte på vidareutvikling av området. Sentrale aktørar i denne drøftinga er fylkeskommunen og skulane i lag med kriminalomsorga. Fylkesmannen kan nytte rapporten som utgangspunkt for gjennomføring av tilsyns- og kontrollverksemd og rettleiings- og informasjonsarbeid overfor fylkeskommunen.

## 2. TILRETTELEGGING OG GJENNOMFØRING AV RAPPORTERINGA.

### 2.1 Rapportering

Rapporteringsskjemaet blei sendt ut i desember 2007 (sjå vedlegg 22). Det har sju hovudområde:

- Om anstalten og fangebefolkninga (Desse opplysningane får skulane gjennom KOMPIS - kriminalomsorga sitt eige dataregister)
- Om skulen
- Om dei innsette/frigjevne
- Om elevane
- Skuleoppsummering for året
- Om lærarane
- Andre sider ved opplæringsverksemda

Til rapporteringsskjemaet er det laga ei rettleiing som skulane kan nytte når skjemaet skal fyllast ut. Vi vil oppmode skulane om å nytte rettleiinga i størst mogeleg grad slik at vi kan få så korrekte og samanliknbare opplysningar som råd er.

Rapporteringsskjemaet har på nokre spørsmål to teljedatoar og på eitt spørsmål (spm. 18) fire teljedatoar. Det er for å sikre at ikkje berre ein dato skal bli utslagsgjevande og at data blir korrekte og samanliknbare. Ulike fengselsfaglege disposisjonar og andre tilhøve, kan på ein teljedato føre til svært lågt registrert elevtal og dermed gi inntrykk av dårleg kapasitetsutnytting. Når det faktiske elevtalet blir tald fire gonger, er vi sikra eit betre bilete av kapasitetsutnyttinga. I rapporten opererer vi med eit gjennomsnittstal. Frå og med 2001 har rapporteringsskjemaet blitt utvida med kvalitative spørsmål som gjeld ulike sider i samband med samarbeidet med fengslet, standard på undervisningslokale, bruk av IKT og andre forhold ved skuleverksemda som det er ønskjeleg å ta opp.

Frå og med 2005 er det også lagt inn spørsmål om oppfølging av St.meld.nr.27 (2004-2005). Det er 36 skular som har rapportert på aktiviteten i til saman 51 fengsel i 2008. Tre skular er nye innan opplæring i kriminalomsorga og rapporterer for første gang. Desse skulane er: Sogndal vgs, avdeling Vik fengsel, Jessheim vgs avdeling Ullersmo - Krogsrud og Valdres vgs avdeling Vestoppland, Valdres fengsel.

Det er til saman 48 utfylte rapporteringsskjema, sidan eitt skjema kan ha informasjon om fleire fengsel/avdelingar.

## 2.2 Gjennomføring.

Skulane skal levere rapporteringsskjemaet ved utgangen av kvart år til fylkeskommunen v/utdanningsetaten. Fylkeskommunen sender rapporteringsskjema samla til Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga m/kopi til utdanningsavdelinga hos fylkesmannen i kvart fylke. Fylkesmannen i Hordaland utarbeider på grunnlag av rapporteringsskjema kvart år ein samlande nasjonal rapport om fengselsundervisninga. Som vedlegg følgjer eit samla oversyn over tabellar, figurar og vedlegg for dei som ønskjer å gå grundigare inn i materialet. Gjennom desse årlege rapportane vil ein over tid sjå utvikling og forandring og dermed ha ei sikrere plattform for å setje i gang tiltak som kan fornye og på ein betre måte tilpassa opplæringa til framtidige yrke.

## 3. RAPPORTERINGA

### 3.1 Resultatmål for 2008

I stortingsproposisjon nr 1 for 2007 - 2008 formulerte Utdannings- og forskingsdepartementet målsetjinga for og omtale av Opplæring innanfor kriminalomsorga slik:  
Post 68 Tilskott til opplæring i kriminalomsorga

*Målet med tilskottsordninga er å medverke til finansiering slik at det blir gitt opplæring på grunnskolenivå til innsette eller frisette som ikkje har fullført grunnskolen, og vidaregåande opplæring til innsette eller frisette som har rett til og ønskjer det.*

*Fordi mange har kort soningstid, eller sit i varetekt, er ofte formalkompetansegivande kurs i høve til læreplanar ikkje eit reelt tilbod. For å motivere flest mogleg til å ta opplæring, og for at slike fangegrupper skal ha eit opplæringstilbod, er det også ei målsetjing at det blir gitt kurs som ikkje er formelt kompetansegivande.*

*Frå 2005 til 2006 har talet på opplæringsplassar auka frå 964 til 1 068. Dette har samanheng med at det har vorte etablert opplæring i fire fengsel, og at soningskapasiteten har vorte utvida ved fleire fengsel og dermed har gitt ein auke i talet på elevplassar. Det blir gitt opplæring i 36 av 52 anstaltar i Noreg, og det er etablert oppfølgingsklassar ti stader i landet. Om lag 4 800 personar (4 356 i fengsel og 445 i oppfølgingsklassar) tok del i ei eller anna form for opplæring i løpet av 2006. Hovudtyngda av elevane (68 pst.) var i alderen 23–40 år. Fleire enn før tok ei eller anna form for eksamen, 688 i 2006 mot 644 i 2005. Det var også ein auke i talet på elevar som tok ikkje-kompetansegivande kurs, frå 1 344 i 2005 til 1 548 i 2006. Det var også ein auke i talet på personar som tok fagprøve.*

*Utdanningsdirektoratet og Fylkesmannen i Hordaland la i 2006 fram ein plan for oppfølging av St.meld. nr. 27 (2004–2005) Om opplæringa innanfor kriminalomsorgen. Enda en vår. Det blir sett i gang fleire prosjekt for å utvikle og forbetre opplæringa. Etter oppdrag frå Fylkesmannen i Hordaland har Vox ansvaret for eit nasjonalt prosjekt om realkompetansevurdering.*

*Digital kompetanse er ein av dei fem basisdugleikane i dei nye læreplanane, og det er viktig å få til ei fullgod opplæring på dette området i kriminalomsorga. Fylkesmannen i Hordaland vil derfor i samarbeid med andre aktørar setje i gang eit prosjekt om fjernundervisning / nettstøtta læring. Det omfattande Grundtvig 1-prosjektet, der målsetjinga er å utprøve ulike sider av IKT i europeisk fengselsundervisning, blir avslutta i 2007.*

*Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring er i gang med eit prosjekt som går på tiltak for å betre norskopplæringa for språklege minoritetar i norske fengsel. Universitetet i Bergen har gjennomført fleire undersøkingar om utdanningsbakgrunn, utdanningsbehov, utdanningsønske og*



*motiv for utdanning hos dei innsette. Undersøkingane viser mellom anna at dess yngre dei innsette er, dess dårlegare utdanningsbakgrunn har dei. Mellom anna har 84 pst. av dei innsette i alderen 18–25 år ikkje fullført vidaregåande opplæring.*

*Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 402 (2004–2005) i samband med handsaminga av St.meld. nr. 27 (2004–2005), jf. Innst. S. nr. 196 (2004–2005):*

*«Stortinget ber Regjeringa legge frem sak om statlig finansiering av opplæring innanfor kriminalomsorgen.»*

*Frå 2005 til 2007 har budsjettet for opplæring innanfor kriminalomsorga auka frå 107,3 mill. kroner til 160,9 mill. kroner. Styrkinga av budsjettet har ført til at det er starta opplæringstilbod ved 15 nye fengsel i denne perioden, og fleire fengsel har utvida skoletilbodet som følgje av auka soningskapasitet i dei seinare åra.*

*I samband med at Regjeringa foreslår å opprette 77 nye fengselsplassar, og i samband med at det blir sett i gang opplæring ved tre anstaltar som ikkje har slik opplæring frå før, foreslår departementet at løyvinga blir auka med 7,4 mill. kroner i 2008.*

I samband med drøftinga av tilskottsordninga sa komiteen under KRIMINALOMSORG:

*Komiteen viser til at det har vært et overordnet prinsipp at innsatte/domfelte har de samme rettighetene til opplæring som andre samfunnsborgere, jf. opplæringsloven og straffegjennomføringsloven. Disse tilbudene har blitt forsterket de senere årene. Fra 2005 til 2007 har budsjettet for opplæring innen kriminalomsorgen økt fra 107,3 mill. kroner til 160,9 mill. kroner. Komiteen viser til at det er satt i gang flere prosjekter for å utvikle og forbedre opplæringen. Komiteen er positiv til at det skal settes i gang med prosjekt om fjernundervisning/nettstøttet læring. Komiteen viser til at 84 pst. av de innsatte mellom 18 og 25 år ikke har fullført videregående skole. Komiteen viser til at Regjeringa foreslår å øke bevilgningene til slik opplæring med 7,4 mill. kroner i årets budsjett.*

*Komiteen viser til Innst. S. nr. 196 (2004-2005) Om opplæringen innenfor kriminalomsorgen, som sier følgende:*

*"Flertallet mener derfor det er svært viktig å få det samfunnsøkonomiske perspektivet tydeligere fram i norsk kriminalomsorg. Flertallet viser til at departementet foreslår at det blir gjennomført et pilotprosjekt om oppfølging etter avsluttet soning. Flertallet vil støtte dette og vil peke på at et større prosjekt i regi av utdanningsmyndighetene, som inkluderer skole, kriminalomsorg, sosialetat og Aetat, etter modell fra KrAmieprosjektene i Sverige, kan gi gode resultater. Flertallet mener at dersom skolen inngår i dette samarbeidet, så kan resultatene bli enda bedre enn i Sverige."*

*Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, mener at det er for lite forskning og dokumentasjon rundt hvilke virkemidler som fungerer godt innenfor kriminalomsorgen, og er derfor glad for at Regjeringa har satt temaet på dagsordenen og for at det over Justisdepartementets budsjett er avsatt midler til forskning.*

*Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre viser til at det er viktig at det legges opp til individuell opplæring i fengsel som tar hensyn til den enkelte innsattes særskilte behov, ønsker og erfaringsbakgrunn. Det er dokumentert at mange innsatte har diagnoser som ADHD etc. og at manglende basiskunnskaper er en viktig årsak til at man har kommet inn i kriminelle miljøer. Den prosentvise andel av innsatte som ikke lykkes med å etablere seg innenfor lovens rammer etter soning, er høy. Dette viser at utfordringen knyttet til innsatte er stor og at et bredt spekter av virkemidler må tas i bruk. Det er en stor utfordring for innsatte å etablere relasjoner og nettverk utenfor det kriminelle miljøet mens man soner i fengsel. Disse medlemmer mener det vil være naturlig å vurdere om det skal etableres NAV-funksjon i fengslene og at samarbeid mot arbeidslivet for å finne arbeid der innsatte kan hospitere, styrkes.*

*Disse medlemmer mener at utdanning og tilpasset opplæring i fengsel er et særdeles viktig virkemiddel for å få dette til. Disse medlemmer har merket seg at det kan stilles spørsmål ved om det i norske fengsler i tilstrekkelig grad er tilrettelagt for oppstart og gjennomføring også av lengre utdanning for dem som ønsker det. De aller fleste innsatte er inne for kortere perioder, og dermed er ikke lengre utdanninger aktuelle, men ansvaret for og utfordringen i å tilby den gruppen langtidssonende som ønsker det et godt tilbud, blir desto større. Dette er en utfordring der både utdanningsinstitusjonene og fengslene må ta ansvar for å lage tilpassede opplegg til den enkelte.*

*Disse medlemmer er for øvrig av den oppfatning at det er for lite forskning rundt hvilke virkemidler som fungerer mest effektivt innen kriminalomsorgen generelt og rettet mot utdanning spesielt, og fremsetter derfor følgende forslag:*

*"Stortinget ber Regjeringen om å legge til rette for forskning med sikte på tiltak for å imøtekomme voksne innsattes spesielle opplæringsbehov i norske fengsler."*

*Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet vil understreke at skolen er viktig for det enkelte individs muligheter i livet. En dårlig skolegang er en dårlig start som for en del får konsekvenser resten av livet. På denne bakgrunn har Fremskrittspartiet i finansinnstillingen foreslått en egen bevilgning som går til elever med spesielle behov, spesielt knyttet til elever med atferdsproblemer, jf. kap. 225 post 76. Disse medlemmer mener at en bedre grunnutdanning for denne gruppen elever vil virke forebyggende, og spare rettssystemet og fengselsvesenet for utgifter på sikt. Disse medlemmer vil understreke at de ressursene som ble foreslått bevilget på denne posten, i første rekke burde gått til å gi unge lovbrytere et tilbud og satsing på formelt kompetansegivende kurs og opplæringstilbud.*

## 3.2 Generell vurdering av verksemda


### 3.2.1 Innsette og elevar

Det vart ved utgangen av 2008 gitt tilbod om opplæring i 51 anstaltar. Av desse var det 12 fengsel som fekk etablert tilbod om opplæring i 2007.

Dei 12 anstaltane som fekk tilbod om opplæring i 2007 var: Ilseng, Kragerø, Sandefjord, Hof, Bruvoll, Sandeid, Bjørgvin, Verdal, Mosjøen, Vik, Vestoppland fengsel, avdeling Valdres og Ullersmo fengsel, avdeling Krogsrud. Skulane ved alle desse anstaltane har rapportert på opplæringa i 2008. Det er etablert oppfølgingsklassar 10 stader i landet.

Anstaltane som er med i rapporten hadde til saman 3445 soningsplassar. Det var i snitt 201 kvinner som sona, fordelt på 20 fengsel (sjå vedlegg 8). Talet på fengsel med kvinnelege innsette er noko høgare enn talet som kjem fram i Kriminalomsorga sin statistikk for 2008. Det var i rapporteringsperioden 23,4% av dei innsette som var av utanlandsk opphav (sjå vedlegg 3). Dette er ein auke på 3,7% frå 2007.

Det var til saman 1386 elevplassar innan opplæring i kriminalomsorga i 2008 (sjå vedlegg 1). Dette viser ein auke på 123 elevplassar. I snitt var det 913 elevar i skulane (sjå vedlegg 2). Dersom vi ser på utviklinga sidan 1996, ser vi at talet på elevplassar er dobla og at det særleg er talet på elevplassar i anstalt som har auka (sjå figur 1).



Figur 1 Elevplassar i anstalt 1996 - 2008

7543 elevar var innom skulane i 2008. Av desse var 530 elevar i oppfølgingsklassane (sjå vedlegg 5).


Det var 30,8% av mannelege innsette og 37,2% av dei kvinneleg innsette som gjekk på skule (sjå vedlegg 8). Samanlikna med 2007 betyr dette ein liten auke i delen av mannelege innsette som får opplæring, og ein tilbakegang på 8,8% av kvinnelege innsette som får opplæring.

Kapasitetsutnyttinga ved skulane ser ut til ikkje å vera god nok (sjå tabell 3). Dette er urovekkjande og skulane må sjå på korleis dei kan betra dette. Det er viktig at dei økonomiske ressursane vert nytta på ein måte som kjem flest mogeleg av dei innsette til gode. Vi vil likevel understreke at rapporteringa på dette område kan vera noko usikker. Fleire faktorar kan spela inn. Det kan mellom anna vera slik at det å oppretta eit opplæringstilbod

som er tilpassa ein einskild innsett sitt behov i ein periode, kan komma fram som dårleg kapasitetsutnytting i rapporteringa fordi dette opplæringstilbodet (faget) kan vera utan elevar på dei andre teljedatoane. Ei slik individuell tilpassing av opplæringa kan sjåast på som positiv fleksibilitet heller enn dårleg kapasitetsutnytting, men dette kjem ikkje fram i rapporteringa. Frigjeving og overføringar mellom fengsel er og faktorar som kan medverke til dårleg kapasitetsutnytting.

Elevane er i all hovudsak godt vaksne elevar og nesten 70% av dei er over 26 år (sjå vedlegg 4). Dette gjer det viktig for skulane å fokusere på vaksenpedagogikk innan opplæring for dei innsette.

Berre omlag sju prosent av elevane er i alderen 15 – 20 år og fem prosent er over 50 år. Dette tilsvarar omlag aldersfordelinga i fangebefolkninga generelt. Rapporteringa viser at det er i aldersgruppene 15 – 17 og 23 – 30 det er størst prosentvis del av dei innsette som får opplæring. Det har dei siste åra vore ein liten nedgang i delen av elevar under 25 år. Dette har snudd og vi ser i 2008 ein auke i denne gruppa på 3,7%. (sjå figur 2).



**Figur 2 Aldersfordeling blant elevane 2001 - 2008**

Av dei 805 innsette med utanlandsk bakgrunn, deltok i snitt 177,5 i opplæring (vedlegg 3). Det vil seia at nesten 1 av 5 innsette i denne gruppa tok ei eller anna form for utdanning medan dei sat inne. Det var 319 elevar som var innom opplæring i norsk som andrespråk, og 245 fekk engelskopplæring for utanlandske innsette. Over halvparten (50,4%) av dei innsette med utanlandsk bakgrunn finn ein fordelt på fem fengsel: Oslo fengsel, Ullersmo fengsel, Ringerike fengsel, Bergen fengsel og Åna fengsel.

Det er 19,5% av elevane som sit i varetekt, medan ca 24,1% av den totale fangebefolkninga er varetektsdømde (sjå tabell 1). Av alle som sit i varetekt, er 25,3% elevar. Av alle som er på dom, er 33% elevar. Delen av elevar som sit i varetekt (19,5%), er om lag på same nivå som han har vore dei siste åra.

	Dom					Varetekt				
	2004	2005	2006	2007	2008	2004	2005	2006	2007	2008
Innsette:	1717	1781	1988	2467	2344	576,5	573	555	628	742,5
Elevar:	530	599,5	649	707,5	774,5	134	139,5	158	132,5	187,5


	Totalt					Varetekt i prosent				
	2004	2005	2006	2007	2008	2004	2005	2006	2007	2008
Innsette:	2266	2345	2543	3095	3086,5	25,4	24,4	21,8	20,3	24,1
Elevar:	649,5	737,5	807	840	962	20,6	18,9	19,6	15,8	19,5

**Tabell 1: Elevane i anstalt fordelt på dom og varetekt:**

Den delen av elevane som får frigang til skule i denne rapporteringa, er framleis på berre 1,3% og har halde seg på omlag same nivå sidan 2001 (sjå tabell 9).


### 3.2.2 Opplæringstilbod og resultat

Ser vi på korleis elevplassane fordeler seg totalt, finn vi at 53 % av elevplassane er innan vidaregåande opplæring, 44 % er plassar på ulike typar kurs som data-kurs, språkkurs, musikkopplæring, truckførar-kurs osv og tre prosent av elevplassane er knytt til opplæring på grunnskulenivå (sjå figur 3). Dette viser ein auke på 4% på elevplassar innan ulike typar kurs frå 2007 og ein tilsvarande nedgang i elevplassar innan vidaregåande opplæring. I samband med etablering av skule i fengsel dei siste to åra, har det vore ein auke i korte arbeidskvalifiserande kurs. Talet på elevplassar på grunnskulenivå er stabilt.




**Figur 3 Elevplassar totalt 2008**

Dersom ein samanliknar fordelinga av elevplassar mellom anstalt og i oppfølgingsklasse, ser vi at det er litt mindre bruk av opplæring gjennom andre kurs og litt større del elevplassar i vidaregåande opplæring i oppfølgingsklassane enn i opplæringa i anstalt (sjå figur 4 og 5).




Figur 4 Elevplassar i anstalt 2008




Figur 5 Elevplassar i oppfølgingsklassar 2008

Ser vi på fordelinga av elevplassar innan vidaregåande skule, er det ein nedgang i elevplassar innan program for studiespesialisering og ein auke i elevplassane innan yrkesretta opplæring. I 2008 var 41% av plassane innan studiespesialisering, medan talet for 2007 var 44%. Samanliknar vi med 2006 var talet heile 54%. Denne dreininga frå teoriundervisning til meir yrkesretta opplæring er heilt i tråd med Stortingsmelding 27 (2004-2005) *Om opplæringa innanfor kriminalomsorga "Enda en vår"*. Stortingsmeldinga tilrår ein auke i yrkesfagleg opplæring innanfor kriminalomsorga.




**Figur 6 Elevplassar i vgo 2008**  
(forkortingar for kursa sjå vedlegg 22, pkt 10)




**Figur 7 Elevplassar i vgo 2007**  
(forkortingar for kursa sjå vedlegg 22, pkt 10)

Talet på lærekontraktar har halde seg stabilt, sjølv om elevtalet innan kriminalomsorga har auka og rapporteringa viser ei dreining mot meir yrkesretta opplæring (sjå figur 6). Det same gjeld talet på fagprøvar. Både teoriopplæring til fagbrev og utplassering i bedrift viser ein tilbakegang samanlikna med 2007. Ei utfordring i åra framover vil vera å få til eit betre samarbeid mellom skule og arbeidsdrift, slik at fleire innsette får høve til å ta fagprøve. Når det gjeld delkompetanse fagopplæring, viser tala for 2008 ein auke på 56% (sjå figur 8). Denne store auken er i all hovudsak knytt til at eit par skular har høge tal på dette området.



**Figur 8 Lærekontraktar, fagprøvar, utplassering i bedrift med meir**

Når vi ser på avlagte eksamenar, er det totalt sett er ein auke på 20% frå 2007 (sjå figur 9). Det er fleire avlagte eksamenar både på grunnskulenivå, i vidaregåande skule og på høgskule/universitet. Det er særleg på høgskule/universitet at det har vore ein auke med ein årleg oppgang på mellom 21% og 35% frå 2004 til 2007, og på 15% frå 2007 til 2008.



**Figur 9 Eksamenar**



I 2008 blei det gjennomført 272 realkompetansevurderingar. Dette må sjåast på som ein positiv effekt av realkompetanseprosjektet og fokuset som har vore på denne vurderingsforma dei siste åra (sjå kap. 4.3).

### 3.2.3. Forvaltningssamarbeid

Å få til gode opplæringstilbod innan kriminalomsorga krev forvaltningssamarbeid mellom fleire instansar. Kriminalomsorga har eit overordna ansvar når det gjeld å samordna samarbeidet. Dette kjem fram mellom anna i Straffegjennomføringsloven §4 om forvaltningssamarbeid ” *Kriminalomsorgen skal gjennom samarbeid med andre offentlige etater legge til rette for at domfelte og innsatte i varetekt får de tjenester som lovgivningen gir dem krav på. Samarbeidet skal bidra til en samordnet innsats for å dekke domfelte og innsattes behov og fremme deres tilpasning til samfunnet.* ”

I juni 2005 ga Justisdepartementet og Utdannings- og forskningsdepartementet ut eit felles rundskriv om *...Forvaltningssamarbeid mellom opplæringssektoren og kriminalomsorgen* (Rundskriv G-5/2005 dagsett 06.06.2005). Føremålet med rundskrivet er at kriminalomsorga og opplæringssektoren skal leggje til rette for eit forpliktande og kvalitativt godt forvaltningssamarbeid ved å klargjera ansvars- og oppgåvefordelinga for etatane på sentralt, regionalt og lokalt nivå. Dette rundskrivet er no revidert og ligg føre som Rundskriv G-1/2008, dagsett 20.10.2008.

I Stortingsmelding 27 (2004 – 2005) blir forvaltningssamarbeidet understreka på nytt og det blir mellom anna vist til det ovannemnde rundskrivet. Departementet legg vekt på at dersom straffegjennomføringa skal ha ein best mogeleg rehabiliterande effekt, er det viktig at *...at den innsatte ved løslatelse i rimelig grad har dekket de behov som er nødvendige for å fungere i samfunnet. Slike behov er blant annet bolig, arbeid, utdanning, helsetilbud, tilbud fra rusomsorgen og et godt sosialt nettverk* (St.meld.nr.27, 2004-2005, s.28). Sentrale samarbeidspartnarar for skulen er arbeidsdrifta og programverksemda i fengselet og NAV.


Når det gjeld samarbeidet med arbeidsdrifta, melder 43 av 48 skular at dei har eit samarbeid med arbeidsdrifta og berre ein av skulane seier at samarbeidet fungerer mindre godt. Alle dei andre definerer samarbeidet som enten svært godt eller godt. Dette viser at den positive utviklinga på dette området held fram. 28 skular seier at samarbeidet fører til betre samordning av planar og 27 skular seier at samarbeidet har ført til betre tilrettelagt undervisning. 19 skular rapporterer at det har ført til nye opplæringstilbod, og 25 har utvikla nye rutinar. Alt i alt er dette eit positivt bilete. Det er likevel viktig å sjå samarbeidet skule – arbeidsdrift i samheng med nedgangen i talet på teikna lærekontraktar og talet på sveinebrev/fagprøvar. Eit godt samarbeid med arbeidsdrifta er svært viktig for å kunna nytta kjøkken og verkstader som lærebedrifter noko som vil kunna føra til fleire lærekontraktar og fagprøvar. Her er det potensiale for betring.

Biletet er framleis mindre positivt når det gjeld omfang av samarbeid med programverksemda. Berre 18 av 49 skular seier at dei har samarbeid med programverksemda. Det som er positivt er at av dei som har eit slikt samarbeid, seier 15 at samarbeidet er godt eller svært godt. Av dei som samarbeider gir 11 uttrykk for at samarbeidet har ført til betre samordning av planar, seks at det har ført til nye rutinar, to at det har ført til betre undervisningstilbod og ein skule at det har ført til nye fagtilbod. Det er 30 skular som rapporterer at samarbeidet med arbeidsdrifta er formalisert/i form av faste møte, medan berre fem av skulane har faste møte med programverksemda. Det høyrer med til biletet at nokre få av anstaltane ikkje har programverksemd.

På spørsmål om kven som møter i samarbeidet skulen har med arbeidsdrifta, er tilbagemeldingane varierende. Både inspektørar, rådgivarar, lærarar, fengselsleiar, leiar i arbeidsdrift og betjentar deltar i møta og tre skular melder at også rektor deltar. I samarbeidet med programverksemda er det stort sett dei same aktørane som møtest, men leiar for

arbeidsdrifta er bytt ut med leiar for programverksemda og at fengselsleiinga deltek sjeldan. Ingen rapporterer at rektor møter og berre fire fortel at fengselsleiing møter. Dei same tala for samarbeidet med arbeidsdrifta er tre og 19.

NAV er ein av dei viktigaste eksterne samarbeidspartnarane. Det er 35 skular som seier at dei har samarbeid med NAV-arbeid og 31 skular som melder at samarbeidet er godt eller svært godt. To tredelar av skulane seier at samarbeidet har ført til betre samordning av planar, 12 rapporterer at det har ført til nye kurs, sju at det har blitt betre tilrettelegging av høgare utdanning, åtte at det har ført til nye rutinar og ein skule seier at samarbeidet har ført til nye fagtilbod. NAV-arbeid er ein viktig samarbeidspartnar når det gjeld tilrettelegging for høgare utdanning. Dette er heilt i samsvar med Stortingsmelding nr. 27 (2004-2005) som seier at fengsel, Aetat og skule må leggja til rette for at innsette skal kunna ta høgare utdanning.



Figur 10 Skulen sitt samarbeid med arbeidsdrift, programverksemd og NAV

### 3.2.4 Elevdemokrati

I følge Opplæringslova (§11-6) skal kvar vidaregåande skule ha eit elevråd med minst eit medlem for kvar tjuande elev. Dette gjeld skulane der deltakarane har elevstatus. Elevrådet skal mellom anna jobba for læringsmiljøet, arbeidstilhøva og velferdsinteressene til elevane. Lova seier og at dersom elevrådet eller ein femdel av elevane ønskjer det, skal det haldast allmøte for elevane på skulen. På spørsmål om skulen i fengselet har elevråd, svarar berre to av skulane ja og fem skular seier at dei har tillitsvalde elevar. Likevel svarar dei fleste skulane at dei legg til rette for elevdemokrati gjennom god kontakt med elevane og at lærarane er tilgjengelege. Det er viktig at skulane arbeider for å sikra rettane til elevdemokrati slik opplæringslova legg opp til.

### 3.2.5 Prosjekt og utviklingsarbeid

Det er sju skular som rapporterer at dei deltar i ulike typar prosjektarbeid utan statleg støtte. Dette er ein tilbakegang frå 2007 då i alt 11 av skulane deltok i prosjektarbeid. Fem av skulane i 2008 deltok i EU-prosjekt. Det er positivt for utviklinga av opplæringa i kriminalomsorga at skulane deltar i ulike prosjekt og samarbeid på tvers av landegrensar. Skulane får kontakt med andre skular i Europa, og kan utveksle erfaringar og få nye idear til vidareutvikling av opplæringstilbodet. Fleire skular kunne med fordel ha nytta seg av prosjektsamarbeid gjennom Nordpluss programmet. Sjå [www.siu.no](http://www.siu.no).

### 3.2.6 Evaluering av eiga verksemd

Opplæringslova (§2-1) seier at skulen og lærebedrifta jamleg skal vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei mål som er fastsette i den generelle delen av læreplanen og i dei enkelte læreplanane for dei ulike faga. Vidare blir det sagt (§2-3) at elevane i grunnskulen og i vidaregåande opplæring skal ta del i nasjonale undersøkingar som gjeld motivasjon, mobbing, elevmedverknad, elevdemokrati og det fysiske miljøet. Skulen skal har ansvar for at kartleggingar blir følgde opp internt i samarbeid med elevrådet. Sjølv om dei fleste skulane svarar at dei gjennomfører evaluering av eiga verksemd, er det tre avdelingar som svarar nei på dette spørsmålet. Dette utgjør 6,25% av avdelingane i rapporteringa. Dette er ein framgang frå i fjor då 13,6% av skulane sa at dei ikkje gjennomførte ei slik evaluering. Mange av skulane som gjennomfører vurdering av eiga verksemd svarar at dei gjennomfører evalueringa gjennom ein kombinasjon av ulike verkemiddel: skriftleg evaluering frå elevane, allmøte, personalmøte, elevsamtalar eller anna. Berre om lag ein tredel av skulane seier at skriftleg evaluering frå elevane er del av evalueringa, medan 73% rapporterer at dei nyttar personalmøte og tre av fire (77%) fortel at dei evaluerer gjennom elevsamtalar.

## 3.3 Oppfølging av Stortingsmelding nr. 27 (2004-2005) Om opplæring innenfor kriminalomsorgen, "Enda en vår"

Skulane vart bedne om å rapportera på nokre av dei prioriterte områda i stortingsmeldinga.

### 3.3.1 Yrkesfagleg opplæring

Stortingsmelding 27 (2004-2005) seier at ” *Det er et mål at opplæringen i fengsel i større grad skal tilby hele eller deler av yrkesfaglig opplæring.*” Dette er og i tråd med funna i undersøkinga gjort av Eikeland, Manger og Diseth i 2006. Der kjem det fram at 63% av dei innsette som ynskjer å ta vidaregåande opplæring, vil ha yrkesfagleg studieretning. I tråd med dette melder 18 av skulane at dei i 2008 har oppretta fleire yrkesfaglege opplæringstilbod. Dette er ei positiv utvikling. Det er likevel slik at for å kunna nytta kapasiteten maksimalt innan yrkesfagleg opplæring er ein avhengig av kriminalomsorga si tilrettelegging på to område: tilgang på eigna lokale for yrkesfagleg opplæring og godt samarbeid med arbeidsdrifta mellom anna for å kunna nytta verkstader og kjøkken som lærebedrifter (sjå 3.2.3 og 3.4). Som vist i punkt 3.2.2 har talet på elevar som deltar i ein del yrkesretta opplæringsløp på vidaregåande skule nivå, auka med om lag 3% frå 2007. Dersom vi ser på utviklinga frå 2006 til 2008 så er det ein auke i yrkesretta opplæring på 13%, noko som er ei positiv utvikling. Samtidig ser vi at det ikkje er auke innan dei praktisk retta opplæringsformene som byggjer på samarbeid med bedrifter (figur 6).

Stortingsmelding 27 (2004-2005) seier og at skulane og fengsla må vera særleg merksame på kvinner sine behov når det gjeld yrkesfagleg opplæring.

### 3.3.2 Spesialpedagogisk kompetanse

Stortingsmelding 27 (2004-2005) understrekar at den einskilde skule og skuleeigar må sørgja for tilstrekkeleg spesialpedagogisk kompetanse.

Det er 36 skuleavdelingar som seier at dei har tilstrekkeleg spesialpedagogisk kompetanse og 14 avdelingar melder at dei ikkje har det. På same tid svarar 13 av skulane at dei har regelmessig kontakt med PPT. Spesialpedagogisk kompetanse er viktig med tanke på

at 37% av alle innsette rapporterer å ha vanskar med lesing og skriving og at om lag halvparten av dei innsette melder å ha vanskar med matematikk (Manger, Eikeland, Diseth og Hetland 2006).

### 3.3.3 Informasjon om skulen

”Skulen bør i større grad involveres i informasjon til de innsatte i inntaksfasen i fengsel.” heiter det i Stortingsmelding 27, (2004-2005).

Alle skulane seier at alle innsette blir informert om skulen ved innsetting i fengsel. Av skulane er det 37 som fortel at dei sjølve informerer om opplæringstilboda, medan 43 har kryssa av på at fengselet utfører dette arbeidet. Dette må innebera at det i mange tilfelle blir gitt informasjon frå både skule og fengsel, men at det er fleire anstaltar der skulen ikkje deltek i dette informasjonsarbeidet. Det er noko varierende korleis informasjonen blir gitt. Det kan vera ved oppslag på oppslagstavle, ved at ein får utlevert eit informasjonsskriv, ved at ein får munnleg informasjon eller ved kombinasjonar av desse.

I rapporten *Innsatte i norske fengsel: Motiv for utdanning* (Manger, Eikeland, Diseth og Hetland 2006) kjem det fram at blant dei som ikkje tok utdanning i fengsel på det tidspunktet undersøkinga vart gjort, var det 17,7 % som sa at grunnen var at dei ikkje fekk informasjon om utdanningstilbod i fengselet. Det er difor viktig å betra informasjonen om opplæringstilbodet i fengsla. Det kjem og fram at informasjonen som blir gitt, ikkje er god nok. Det er difor ei oppgåve for skulen å styrka informasjonsarbeidet slik at innsette kan få innfridd retten sin til opplæring. Med tanke på at gjennomsnitts soningstid er litt over tre månader, er det og viktig at informasjon om skulen blir gitt ved innsetting slik at den innsette kan komma raskt i gang og få utnytta tida på ein god måte.

### 3.3.4 Kompetanseheving

Stortingsmelding 27 (2004-2005) understrekar at skulane i fengsla må sikrast tilbod om kompetanseheving gjennom midlar frå Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005-2008. På spørsmål om skulen har fått tilbod om kompetansehevande tiltak i 2008, svarar 40 av skulane ja. På spørsmål om tiltaka er i tråd med behov, er det 34 som svarar ja på dette. Dette inneber at 70% av skulane gir uttrykk for at dei får tilbod om kompetansehevande tiltak som er i tråd med behovet. Det er viktig at lærarane innan opplæring i kriminalomsorga får tilgang på kompetansehevande tiltak på lik linje med andre lærarar.

### 3.3.5 Opplæring gjennom heile året

Stortingsmelding 27 (2004-2005) gjer det klart at skuleeigar og den lokale skule, har ansvar for å kunna leggja til rette for at ein skal kunna tilby opplæring uavhengig av skuleåret. Dette for å betra tilbodet og møta behovet til alle uavhengig av om den innsette har lang eller kort soningstid, for å få til betre ressursutnytting og for å møte behovet til institusjonen.

På spørsmål om skulane gir undervisning i feriane, er det 32 skular som seier at dei organiserer opplæring i sommarferien, 27 som melder at dei gir undervisning i haustferien og 28 som rapporterer at dei gir undervisning i vinterferien. Det tyder at om lag 2/3 av skulane tilbyr opplæring i dei tradisjonelle sommarferiane, medan omlag 57% av skulane gir opplæring i haust- og vinterferie. Det som og kjem fram, er at ein del av det opplæringstilbodet som blir gitt, er ulike typar ”sommarundervisning” som ikkje utan vidare heng saman med resten av opplæringstilbodet og som kanskje er meir sysselsettingstiltak enn ordinær opplæring i tråd med gjeldande læreplanar. Det er og slik at i den grad skulen tilbyr opplæring i feriar, er det oftast berre delar av sommarferien og berre for ein del av elevane.

Det er med andre ord eit stykke igjen før ein når målsettinga i Stortingsmelding 27, (2004-2005). Dette har Fylkesmannen i Hordaland tatt konsekvensen av og etablert ei arbeidsgruppe der fleire skular er med. Arbeidsgruppa har arbeidd fram gode modellar for korleis ein kan få til opplæring gjennom heile året. Gruppa har avslutta arbeidet sitt og rapport til oppfølging skal liggja føre i 2009.

### **3.4 Undervisningslokala**

På spørsmål knytt til standarden på lokala som vert nytta til opplæring, rapporterer skulane både på standarden på lokala nytta til opplæring i teori og på standarden på lokala nytta til yrkesfag. Dette betyr at skulane svarar på to spørsmål og at ein skule kan ha ulik standard på ulike lokale. Det er 20 skular som seier at både lokala nytta til teori og yrkesfag, er enten svært gode eller gode. Det er 18 skular som rapporterer at standarden på lokala brukt til opplæring, enten i teori eller yrkesfag, er mindre god. Åtte av skulane har lokale som dei definerer som dårlege. Dårlig standard på desse lokala kan innebera at det er behov for opprusting eller at lokala er for små og difor gir dårleg kapasitetsutnytting.

Det er kriminalomsorga sitt ansvar å skaffa tilfredstillande lokale for opplæring i fengsla. Dette kjem fram i Rundskriv G-1/2008 om Forvaltningssamarbeid mellom opplæringssektoren og kriminalomsorga og i Avtale mellom staten ved Kyrkje-og undervisningsdepartementet og fylkeskommunen om statstilskudd til fengselsundervisning frå 1988.

At standarden på undervisningslokala er dårleg kan få store konsekvensar for kva opplæringstilbod ein kan gi ved dei ulike anstaltane, for korleis ressursane kan utnyttast og ikkje minst for i kva grad innsette kan få innfridd rettane sine. Dette kan i siste instans innebera at ein må revurdere tildelinga av ressurs til opplæring ved nokre av anstaltane som tilbyr alt for dårlege lokale til at ressursane kan nyttast på ein fornuftig måte.

## 3.4.1. Skulane si vurdering av lokala som vert nytta til undervisning

REGION		SVÆRT GOD	GOD	MINDRE GOD	DÅRLEG
<b>Bredtveit</b>	Teori		x		
	Yrkesfag			x	
<b>Oslo</b>	Teori			x	
	Yrkesfag				x
<b>Fredrikstad</b>	Teori			x	
	Yrkesfag		x		
<b>Moss</b>	Teori			x	
	Yrkesfag				
<b>Indre Østfold</b>	Teori			x	
	Yrkesfag				x
<b>Ravneberget</b>	Teori	x			
	Yrkesfag	x			
<b>Sarpsborg</b>	Teori		x		
	Yrkesfag		x		
<b>REGION NORDØST</b>					
<b>Ila</b>	Teori	x			
	Yrkesfag	x	x		
<b>Ullersmo</b>	Teori			x	
	Yrkesfag				x
<b>Hamar</b>	Teori			x	
	Yrkesfag			x	
<b>Kongsvinger</b>	Teori	x			
	Yrkesfag	x			
<b>Bruvoll</b>	Teori		x		
	Yrkesfag		x		
<b>Ilseng</b>	Teori		x		
	Yrkesfag		x		
<b>Vestoppland Avd Gjøvik</b>	Teori		x		
	Yrkesfag		x		
<b>Vestoppland avd Valdres</b>	Teori		x		
	Yrkesfag				
<b>REGION SØR</b>					
<b>Drammen</b>	Teori			x	
	Yrkesfag				
<b>Ringerike</b>	Teori		x		
	Yrkesfag		x		
<b>Hassel</b>	Teori				x
	Yrkesfag				x
<b>Bastøy</b>	Teori		x		
	Yrkesfag		x		
<b>Sem</b>	Teori		x		
	Yrkesfag				x
<b>Horten</b>	Teori		x		
	Yrkesfag				

	SVÆRT	GOD	MINDRE	DÅRLEG	SVÆRT
<b>Berg</b>	Teori		x		
	Yrkesfag		x		
<b>Larvik</b>	Teori		x		
	Yrkesfag				x
<b>Sandefjord</b>	Teori	x			
	Yrkesfag		x		
<b>Hof</b>	Teori		x		
	Yrkesfag				
<b>Skien</b>	Teori			x	
	Yrkesfag			x	
<b>Kragerø</b>	Teori			x	
	Yrkesfag		x		
<b>REGION SØRVEST</b>					
<b>Arendal</b>	Teori		x		
	Yrkesfag		x		
<b>Arendal avd Kleivgrend</b>	Teori			x	
	Yrkesfag		x		
<b>Kristiansand</b>	Teori		x	x	
	Yrkesfag		x		
<b>Stavanger</b>	Teori		x		
	Yrkesfag		x		
<b>Haugesund</b>	Teori			x	
	Yrkesfag				
<b>Sandeid</b>	Teori	x			
	Yrkesfag		x		
